



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FA-F03	20/458

### FOLKEHELSEPROFIL VAKSDAL 2023

**Vedlagte saksdokument:**

Folkehelseprofil-2023-nb-4628-Vaksdal

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

**Saksopplysningar:**

Folkehelse er eit kommunalt ansvar, og med Folkehelselova vart ansvaret løfta vekk frå helsetenesta i kommunen og over til kommunen generelt. Det skal i følgje lova vera «folkehelse i alle sektorer – helse i alt vi gjør». Det vert understreka kor viktig det er å leggja til rette for samarbeid med frivillig sektor.

Kommunen skal ha skriftleg oversikt over helsetilstand og påverkningsfaktorar, og folkehelseprofilar for kommunar og fylkeskommunar vert utarbeida årleg av Folkehelseinstituttet. Folkehelseprofilen gir ikkje eit godt nok bilet av helsa til innbyggjarane generelt, men viser einkelte trekk ved folkehelsa i kommunen.

I eit barometer med 34 indikatorar vert det markert korleis kommunen ligg an samanlikna med landsnivå. Raude verdiar markerar at kommunen ligg signifikant dårligare an enn landet, og grøne verdiar viser at me ligg signifikant betre an. Ein bør likevel vera merksam på at også dei grøne verdiane kan innebera utfordringar for folkehelsa, for landsnivå representerar ikkje alltid eit ønska nivå.

Gjennom mange år har Vaksdal fått raude verdiar på følgjande område: tal personar med vidaregåande skule eller høgskule i aldersgruppa 30-39 år, drikkevassforsyning, skader behandla i sjukehus, overvekt/fedme ved sesjon 17 år og muskel- og skjelettlidinger.

Me har hatt grøne verdiar i fleire år på høg valdeltaking og mange i 10. klasse som trivst på skulen.

I Folkehelseprofilen for 2021 skjedde det ei endring i f.t. god drikkevassforsyning, og kommunen har sidan den tid fått grøn verdi på drikkevatn.

I Folkehelseprofilen for 2023 har Vaksdal raude verdiar på følgjande område:

- Lågaste meistringsnivå i lesing 5. tr.
- Lågaste meistringsnivå i rekning 5. tr.

- Fornøyde med treffstadar, Ungdata 2021.
- Antibiotikabruk, reseptar.

I tillegg er kommunen signifikant ulik fylket og landet elles på følgjande indikatorar (nye i 2023):

- Andel over 80 år.
- Andel 80 år + framskrive til 2040.

Område der Vaksdal kommune får signifikant betre målingar enn landet:

- Hygienisk og stabilt drikkevatn.
- Luftkvalitet, finkorna svevestøv.
- Psykiske symptom/lidingar 0-74 år.

Temaet for Folkehelseprofilen 2023 er bumiljø. I aldersgruppa 45 år og eldre er det ikkje spesielt mange i Vaksdal som bur åleine målt mot landsnivå. Delen barn som bur i husholdningar med vedvarande låg inntekt, er ikkje signifikant ulik landet.

Vaksdal kommune ligg framleis under landet og fylket i f.t. vidaregåande skule eller høgare utdanning i aldersgruppa 30-39 år, men ikkje nok til å få raud verdi.

Når det gjeld andel eldre over 80 år, er Vaksdal signifikant ulik både fylket og landet med langt fleire i den eldste aldersgruppa. 7 % over 80 år i Vaksdal mot 4,7 i fylket og 4,4 i landet. Framskrive til 2040 er tala 12 % over 80 år i Vaksdal mot 8,6 % i fylket og 8,2 % i landet. Det vert i Folkehelseprofilen peika på viktigheita av å planleggja for ei slik auke i tal eldre med utvikling av bumiljø og aldersvenlege lokalsamfunn.